


Skjermen viser:	I timen:
	Start med å sjå filmen Familie og følelser - YouTube eller bruk lenka som ligg under filmen for å sjå den utan musikk.
	Snakk saman to og to: • Er det andre ting som er kjekt å gjere saman som familie no enn når du var 8? • Kva kan vere fint å bruke tid saman på i familien no når du er 12-13?
	Sjå denne filmen på engelsk som handlar om unge som nærmar seg puberteten, og alle endringane dette medfører både i kropp, tanke, følelser og handlingar: Module 2.1s Adolescent development: The art of growing up - YouTube
	Etter filmen: • La elevane sjå på bildet og snakke med kvarandre i mindre grupper om kva forandringar som skjer i puberteten på desse ulike områda. • Snakk gjerne litt saman i klassa også, og prøv å få fram nokre av poenga frå filmen sidan denne var på engelsk.
	Punkt som kjem fram kan vere: at ein er ueinige om kva som er lov og ikkje, ueinigheit om grenser, krangling, at ting som var kjekt å gjere ilag tidlegare er kanskje ikkje så kjekt lengre og opplevast barnslig, at ein vil vere meir saman med vener enn med familien, nye interesser som tek tid, meir behov for å vere for seg sjølv på rommet, osv.
	Gjer gjerne litt frosketid saman: Puste i dyrestillinger - YouTube
	Sjå denne Inside Out - Riley argues with her parents - YouTube Den er dessverre også på engelsk, men dette filmklippet ligg ikkje tilgjengeleg på norsk, sjølv om filmen også finnst på norsk. Bruk filmklippet som eit utgangspunkt for neste oppgave:

Familieferdigheiter ▼ Øv på viktige ferdigheiter i ungdomsfamilien	Øve på gode familieferdigheiter: Som vi såg i filmklippet er det ikkje heilt uvanleg at foreldre og tenåringar kranglar, eller at det blir vanskelegare å snakke med kvarandre og forstå kvarandre i ungdomsfamilien. Difor kan det vere lurt for både foreldre og ungdom å trene litt på gode måtar å snakke med kvarandre på – også når noko er vanskeleg. Vi skal bruke nokre brosjyrar som er laga for å trene på dette. (Hald opp og vis dei du har printa ut). No skal de jobbe saman 2 eller 3 (ikkje 4, då er de heller 2). De vel ein eller fleire brosjyrar/familieferdigheiter de vil trene på, og så les de instruksjonane saman, og bytar på å vere forelder og ungdom i rollespel. Eventuelt kan du som lærar velje ut ein og ein ferdigheit elevane skal trene på, og de kan lese den saman, og gjere eit rollespel saman, før elevane fortset å øve to og to.
Jobbe vidare?	• Sjå filmen Lambs - YouTube Og tren vidare på familieferdigheiter ein annan time. • Kan moren din stoppe deg fra å stjele? - YouTube Denne handlar om verdiar. Snakk gjerne saman i klassa om verdiar og korleis familien er med å forme verdiane våre, og dermed pregar handlingane våre. • Musikkvideo - Ditt eget svev - TEMAUKE: RELIGION - YouTube Jobb gjerne med dette i KRLE, om det å kunne ta eigne val og å ha den trua ein vil, uavhengig av trusretning foreldre og familie har.